

Tur 2

Berge - Bergesfjellet

Lengde: ca. 0,3 km (luftlinje)

Tid: ca. 15 min.

Terreng: bratt stigning opp til ca. 126 m.o.h.

Frå riksveg 541, Vika, følger ein skilt merka "Berge". Det går bilveg fram til Bergehuset på Berge, ein strekning på ca. 0,5 km. Frå Bergehuset går merka sti opp på fjellet. Skilt merka "Bergesfjellet" syner lettaste vegen. Stien endar ved funn som er gjorde i torvmyrane her oppe. Funna er frå vikingtida; vevsteinar og handkvernsteinar. Desse ligg no på lemen på Bergehuset. Det er eit flott utsyn frå dette fjellplatået. Bergesfjellet er eit såkalla skyvedekke av harde vulkanske bergartar som la seg oppå mjukare avsetningsbergartar under den Kaledonske fjellkjedefoldinga. Ved Bergesfjellet er det eit nedlagt skiferbrot. Bergehuset er vel verdt eit besøk. Bømlo Tur- og Sogelag eig huset. Det er etter måten stort, 13,2 x 7 meter og har skut i nordre enden. I fyrste høgda er det gong, to stover, to kammers og kjøkken med grue. Andre høgda har ein stor sal i kvar ende, med utelem og kammers i midten. Huset er bygt av tømra vegger, med bordkledning utvendig og pannetak. Bergehuset blir nytta som "kulturstove" ved ulike høve.